



ALLTID BEREDT

## Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

---

<b>Tid:</b>	Sundag 10. mai 2020 kl. 17:00
<b>Stad:</b>	Zoom videochat
<b>Tilstades:</b>	Erik Bloch, Espen Sørensen, Marius Johannessen, Solveig Lanes, Magnus Molland (vara), Øyvind Gulliksen (vara)
<b>Frå adm.:</b>	Hildegunn L. Fjelland
<b>Andre:</b>	Ingeborg Stokkenes og Harald P. Aspelund frå Utval speiding
<b>Forfall:</b>	Magnus M. Aronsen (Vara), Brage Fiskå
<b>Referent:</b>	Hildegunn L. Fjelland

---

Kretsleiar leia styremøte.

### Saksliste

RK-sak 13/2020	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 14/2020	Godkjenning av referat frå styremøte 05. januar 2020
RK-sak 15/2020	Statusrapport
RK-sak 16/2020	Festivalleir
RK-sak 17/2020	Hausten 2020, smitteverntiltak, korleis gjennomføre arrangement.
RK-sak 18/2020	Økonomirapport
RK-sak 19/2020	Prognose 2020
	Eventuelt

**RK-sak 13/2020: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling kom ein dag for seint

*VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent med merknad om at innkallinga kom ein dag for seint.*

**RK-sak 14/2020: Godkjenning av referat frå styremøte 15. mars 2020**

Ingen merknader til referatet.

*VEDTAK: Referatet frå styremøtet 15. mars 2020 vert godkjent.*

**RK-sak 15/2020: Statusrapport**

Grunna situasjonen rundt koronaviruset vart kretsens helg og kretskonkurransen avlyst.

*VEDTAK: Styret tek statusrapporten til orientering.*

**RK-sak 16/2020: Festivalleir**

Retningslinjene for smittevern i forbindelse med koronaviruset tillet arrangement for opptil 50 personar på offentlig plass, og med ein meter avstand mellom personane. Det vert tatt sikte på at arrangement for opptil 200 personar vert tillatt frå 15. juni. Forje festivalleir hadde over 160 deltakarar.

Kretsstyret si vurdering er at me ikkje vil klare å overhalde smittevernreglane. Sjølv om me hadde utsatt festivalleiren til etter 16. juni, ville det vere særst vanskeleg å halde ein meter avstand mellom deltakarane. I tillegg vil det vere ein for stor jobb å sørge for tilfredstillande hygiene.

*VEDTAK: Festivalleiren 2020 vert avlyst*

**RK-sak 17/2020: Hausten 2020, smitteverntiltak, korleis gjennomføre arrangement.**

Me må heile tida rette oss etter dei nasjonale retningslinjene me får, og dette kan påverke om me kan halde arrangementa me har planlagt utover hausten. Avlysing kan difor vere aktuelt.

Om situasjonen er slik at me kan halde arrangementa har me diskutert nokre tiltak me kan gjere for sikre god hygiene og smittevern.

- Berre avholde eit kurs, istadenfor to kurs same helg.
- Fleire telt.
- Moglegheit for handvask inne.
- Mindre grupper.
- Begrense antal deltakarar.
- Teknisk arrangør/den lokale gruppa overnattar heime.

Tiltaka må drøftast med teknisk arrangør når arrangementa nærmar seg.

*VEDTAK: Kretsstyret og Utval speiding tek tiltaka til orientering.*

**RK-sak 11/2020: Økonomirapport**

Kretsstyret har ingen merknadar

*VEDTAK: Økonomirapporten vert godkjent*

**RK-sak-12/2020: Prognose 2020**

Prognosen viser at dersom speidar- og roverforum og speidartinget vert avholdt vil me få eit underskot på omlag 25 000kr. Det er budsjettert med 38 000 i underskot. Me sparar altså pengar på at arrangement vert avlyst. Om speidar- og roverforum og speidartinget vert avlyst sparar me ytterlegare 70 000 og vil då få eit overskot på rundt 45 000.

Det vert vanlegvis budsjettert på den trygge sida og økonomiansvarleg anser kretsen sin økonomi som trygg og god.

*VEDTAK: Kretsstyret tek prognosen til orientering.*

**Eventuelt**